

FORSKRIFTER FOR VASS- OG AVLØPSGEBYR I ODDA KOMMUNE

Vedtatt av Odda kommunestyre 29.10.75 i medhald av lov om kommunale vass- og kloakkavgifter § 3, og forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften) av 1. juni 2004. Denne forskrifta er sist endra 19.12.2012.

§ 1 Verkeområdet

Denne forskrifta gjeld alle abonnentar i kommunen, sjå definisjon av abonnent i § 2. Forskrifta fastsett utrekningsmåte og innbetaling av gebyr for dei kommunale vass- og avløpsstenestene.

§ 2 Definisjonar

Abonnet:

Eier/fester av eiendom som er tinglyst med eige gards- og bruksnummer, eller eige festenummer eller seksjonsnummer (under felles gards- og bruksnummer), som er tilknytt kommunal vass- og eller avløpsledning direkte eller gjennom felles stikkledning.

Fester av eiendom der festeavtalen ikkje er tinglyst, men der festaren eig dei bygningane som er plassert på tomta, og bruker festerett slik det går fram av lov om tomtefeste.

Eier/fester av eiendom, som kommunen i medhald av Plan og bygningslova har krevd tilknytt kommunal vass- og avløpsledning.

Eining:

Med eining i denne forskrifta er meint bueining eller næringseining. Bueining er husvære med separat inngang, eit eller fleire opphaldsrom og i tillegg eige bad/WC og kjøkkendel. Næringseining er sjølvstendig lokale som er i bruk til næringsverksemd.

Kombinasjonsbygg:

Bygg med både bustader og næringsverksemd.

Kommunal vass- og avløpsledning:

Ledningar som er kommunal eiendom ved at dei er kosta eller overteke av kommunen.

Med avløpsledningar meinas i denne forskrift separate ledningar for avløp frå sanitærutstyr og industriproduksjon (spillvassledning) og ledningar for tak, drens- og overvatn eller fellesledningar for desse.

Stikkledning:

Vass- eller avløpsledning for ein eller fleire eiendommar som er abonnenten sin eiendom, og som blir halde ved like av denne. Dersom ikkje anna er avtalt, er stikkledningen rekna til og med anboring for vatn og gren for avløp.

§ 3 Gebyrtypar

Gebyrtyper som gjeld for både vatn og avløp:

- Tilknytingsgebyr
- Årsgebyr fast del
- Årsgebyr variabel del

§ 4 Tilknytingsgebyr

Tilknytingsgebyr for vatn og/eller avløp skal betalast:

- ved nybygg,
- når bebyggd eigedom blir tilknytt kommunal vass- og avløpsledning.

Storleiken på gebyret går fram av gebyrregulativet som kvart år blir fastsett av kommunestyret.

§ 5 Årsgebyr

Årsgebyret for vatn og avløp skal betalast av alle som er abonnenter, og det skal baserast på målt eller stipulert vassforbruk.

Årsgebyret skal reknast frå og med månaden etter at eiendommen er tilknytt kommunalt leidningsnett.

For næringseigedomar, offentlege verksemder og kombinasjonsbygg skal årsgebyret som hovudregel betalast på grunnlag av faktisk (målt) vassforbruk og pris pr. m³. Forbruket blir målt med installert vassmålar. Dersom det ikkje er praktisk mogeleg å få montert ein vassmålar på ein frostsikker eller ellers tilfredstillande måte, kan forbruket stipulerast av kommunen ut frå same m² – pris som for bolig eller etter ei konkret vurdering av kva som er venta forbruk for eiendommen.

Abonnentar med bustadhus, fritidshus eller burettslag betaler enten etter faktisk (målt) vassforbruk og pris pr. m³, eller stipulert forbruk basert på utrekning av bruksareal i samsvar med NS 3940 og pris pr. m³.

For alle eigedomar gjeld eit årleg fast gebyr og eit variabelt gebyr for vatn og avløp. Det variable gebyret fastsetjast med grunnlag i målt eller stipulert vassforbruk.

Storleiken på årsgebyr går fram av gebyrregulativet som kvart år blir fastsett av kommunestyret.

For alle abonnentar gjeld at avløpsmengda blir rekna lik vassmengda, sjå likevel § 6.

Både abonnent og kommune kan krevje at forbruksgebyret blir fastsatt ut frå målt forbruk.

§ 6 Fradrag eller tillegg i årsgebyret

For industribedrifter, jordbruk og verksemder som har særleg stort eller særleg lite vassforbruk og/eller kloakkmengde, eller som har kloakkvatn som i samansetning avvik vesentleg frå vanleg hushaldskloakk, kan tilknytings- og årsgebyr verta fastsett ved avtale mellom abonnent og kommunen. Kjem ikkje slik avtale i stand, kan størrelsen av gebyra bestemast av kommunen.

Dersom ein eigedom i lengre tid blir fråkopla det kommunale vass- og/ eller avløpsnettet, kan abonnenten etter søknad fritakast frå årsgebyr i denne perioden. Abonnenten må sjølv dekkje kostnadene med fråkopling/ plugging på hovudleidning. Sjå også pkt 3.2 i normalreglement for sanitæranlegg. Eventuelt fritak gjeld frå første årsskifte etter at søknaden er godkjent og ansvarlig rørleggjar har gitt kommunen melding om at leidning er kopla frå.

§ 7 Vassmålarar

Abonnenten må sjølv koste innkjøp og installasjon av vassmålar.

Både kommunen og abonnenten kan krevje at årsgebyret reknes etter vassmålar. Til måling av vassforbruket som betalast etter forbruk, skal forbrukaren montere og vedlikehalde vassmålar av type som må godkjennast av kommunen. Avlesing av vassmålarar vert utført av abonnent ved årsskiftet. Vert ikkje målar avlest innan 31. januar påfølgande år, kan Odda kommune foreta avlesing hos abonnent. Det kan då krevjast eit avlesningsgebyr.

§ 8 Mellombels tilknytning

Mellombels tilknytning gjeld for bygg/ anlegg som har innlagt vatn og eller utslepp av avløpsvatn til kommunalt nett, men der bygget/ anlegget berre skal nyttast i ein avgrensa periode.

Det er eigar/ festar av eigedomen som er ansvarleg for å betale gebyret, sjølv om brakkerigg og liknande er eigd av andre.

Gebyret blir fastsett etter dei reglane som gjeld årsgebyr næringsverksemd.

Mellombels tilknytning gjeld for opp til eitt år, med høve til å søkje om lenger tid.

Kostnader med den fysiske tilknytninga og fråkoplinga må eigar/ festar av eigedommen betale, men det skal ikkje betalast tilknytingsgebyr i samband med mellombels tilknytning.

§ 9 Innbetaling av gebyr

Eier av eigendomen er ansvarlig for betaling av gebyra.

Årsgebyr blir krevd inn saman med andre kommunale gebyr, og blir fordelt over 4 terminar i året for bustader/bedrifter og hytter. Ved bruk av vassmålar blir forbruksgebyret å betale à konto basert på forbruket året før. Måleravlesing skjer pr. 31.12. kvart år, og avrekning vil skje i 1. termin året etter.

Kommunen sender faktura for tilknytingsgebyr til abonnenten når søknad om tilknytning til kommunalt VA- anlegg er godkjent. Tilknytingsgebyr skal i alle høve betalast før tilknytning skjer.

Krav på gebyr er med omsyn til pantesikkerheit og inndrivning likestilt med skatt til fast eigedom.

§ 10 Vedtaksmyndighet

Vedtak etter denne forskriften blir gjort av Rådmannen.

§ 11 Sakshandsaming/ Klage

Avgjerd etter denne forskrifta som er einskildvedtak følgjer bestemmelsene i kap. IV-VI i forvaltningslova. Slike vedtak kan påklages. Klagen skal sendes til kommunen, og fristen til å klage er 3 veker.

Storleik på gebyra (gebyrregulativet) blir fastsett av kommunestyret. Dette er ei forskrift som ikkje kan påklages, jfr. kap. VII i Forvaltningslova.

§ 12 Iverksetting

Forskrifta trer i kraft 01.01.13